

## **Dette værk er downloadet fra Danskernes Historie Online**

**Danskernes Historie Online** er Danmarks største digitaliseringsprojekt af litteratur inden for emner som personalhistorie, lokalhistorie og slægtsforskning. Biblioteket hører under den almennyttige forening Danske Slægtsforskere. Vi bevarer vores fælles kulturarv, digitaliserer den og stiller den til rådighed for alle interesserede.

### **Støt vores arbejde – Bliv sponsor**

Som sponsor i biblioteket opnår du en række fordele.

Læs mere om fordele og sponsorat her:

<https://slaegtsbibliotek.dk/sponsorat>

### **Ophavsret**

Biblioteket indeholder værker både med og uden ophavsret. For værker, som er omfattet af ophavsret, må PDF-filen kun benyttes til personligt brug.

### **Links**

Slægtsforskernes Bibliotek: <https://slaegtsbibliotek.dk>

Danske Slægtsforskere: <https://slaegt.dk>

Oddvar Grønli

Bude - ætta  
frå Jamtland.

# Bude-ætta frå Jamtland

Ved

**Oddvar Grønli**

Serprent or

**Norsk slektshistorisk tidsskrift**

**XVIII, 1962, s. 241—252**

## Bude-ætta frå Jamtland.

Ved *Oddvar Grønli*.

I 1500- og 1600-åra var det mange jamtar som gjorde teneste i norske prestekall og skulepostar utanfor sjølve Jamtland. Tidender um slike boklærde jamtar har eg samla frå spreidde kjeldor og nytta ut i biografiar, og tri av biografiane er dei som her er prenta. Dei to første fortel um Brønnflo-presten Jon Nilsson og Snåsa-presten Olav Jonsson Bude, og viser at Bude-ætta har namn og opphav frå Bude i Brønnflo, — gardsnamnet blir no skrive i ei forvend form, «Bodal». Den tridje biografien fortel um Vesteråls-presten Nils Jonsson Bude. I vår tid har Bude-ætta i Nordland ikkje vore kjend lengre attende enn til Jonas Nilsson Bude, bonde på Ytteren i Nord-Rana frå 1673 til 1716. Det må no reknast for visst at han var son til hr. Nils på Langenes, den første av ætta i Nordland.

### *Jon Nilsson.*

I korntiendmanntalet for Jamtland 1600—1601 er det tri som svarar tiend for Bude i Brønnflo sokn: Erik Nilsson (1½ spann), hr. Jon Nilsson (1½ spann) og Jon Persson (½ spann). Sidan hr. Jon budde i sokna, har han nok vore i presteteneste i gjeldet,<sup>1</sup> og han er då den «Jonnd Nilß:» som kallar seg «Wuerdig Cappelaannd til Brunflo» i eit udatert brev frå omkring 1600.<sup>2</sup> Det er rimeleg å gisse på at han var bror til Erik Nilsson,<sup>3</sup> og at dei to var søner til Nils Eriksson, bonde i Bude 1565 og endå i 1571 og lensmann i Brønnflo.<sup>4</sup> Og Nils Eriksson er venteleg son til Erik Nilsson, bonde i Bude i 1558.<sup>5</sup>

«Vdj thet store Kleine frost Aar» — det må ha vore det velkjente uåret 1601 — drog hr. Jon «till Norge» med kone

og born.<sup>6</sup> I ætta hans heitte det sidan at han vart prest i hospitalet i Trondheim, og det kann nok vera rett; (sjå stykket um Olav Jonsson Bude). Samtidskjeldone kann korkje stadfeste det eller avsanne det. Tidender som vi har um ein annan gard i Brønnflo sokn, Torrvoll, synest vise at hr. Jon fekk prestekall på Sunnmøre og døydde i embetet:

I 1613 vart Per Nilsson i Torrvoll leigending under krana for di han «svor svensken» i ufredsåret 1611. Han hadde ått helvta av garden. Dei som åtte andre helvta, med eit utsæde på 1½ tunna, var «hans broder, S: her Joenns børnn». Her er det nemnd ein prest med same namn — farsnamn òg, ser det ut til — som hr. Jon i Bude, og det vilde vera merkeleg um det ikkje var same mann. Men korkje hr. Jon eller broren Per er nemnd millom Torrvoll-bønderne i tiendmanntala for 1600—1601, 1607—1608 og 1608—1609, og det er vel då minder truleg at dei var søner til Nils Persson eller Nils Jonsson, som begge var bønder i Torrvoll omkring 1570.<sup>7</sup> Borna til hr. Jon berga jordgodset sitt i Torrvoll og åtte det endå i 1624. I odelsjorboka frå det året er dei kalla «Saligh her Jon ollsen for dum sogne prest paa Sundmør hans børn». Det er vanskeleg å tru at «ollsen» her er anna enn misskriving.

Frå tida 1601—1613 kjenner vi ingen Jon som var sokneprest i noko kall på Sunnmøre. Men det var ein residerande kapellan Jon i Borgund i åra 1609—1611. Han budde på Kjørstad i Haram sokn, soleis som det var føreskrive i 1589 i Reformatsen. Han er nemnd, utan farsnamnet, i leidangs- og tiendkornmanntal for 1609—1610 og 1610—1611, endå han ikkje svara leidang og tiend av garden. I manntala for 1603—1607 er kapellanen på Kjørstad ikkje nemnd, og det er i det heile ukjent kven som var prestar i Haram føre 1609. Manntalet for 1612—1613 har namnet på ettermannen til hr. Jon: hr. Laurits (i 1613—1614: hr. Laurits Steffensson). Er hr. Jon den same som Jon Nilsson, har han vel døydd i 1611 eller 1612.

I 1613 var det jordgodset som borna til hr. Jon — Nils Jonsson og syskena hans — åtte i Bude, pantsett til Jens Monsson. På vegner av sonen Nils melde enkja etter hr. Jon, Karen Olsdotter, til den kongelege granskingskommisjonen i Trondheim 21. november 1613 at ho eller borna hennar var dei

næraste til å løyse inn garden i Bude. I 1624 hadde Jens Monsson garden i pant endå, og eigarmennene var både borna til den avlidne hr. Jon Nilsson og borna til den avlidne Erik Nilsson.

16. april 1631 vart det prova på tinget i Brønnflo at Jens Monsson i Bude hadde logleg tilpanta seg avlidne hr. Jons gard i Bude for 48 riksdalar, som han hadde levert til kreditorane hans og til kona og borna hans: til avlidne hr. Peder i Brønnflo 7 dalar (han «haffde til Wnderpant Aff her Jon, det beste Nylend der till *gaarden*»), til Nils Jonsson i Bleka 2 dalar, til Jon i Øsjø 1 dalar, til enkja etter hr. Jon, Karen, 20 dalar, «som hun sagde sig Villde haffue thill Att opføde sine børn *med:*», og til borna: Nils Jonsson 4<sup>1</sup>/<sub>2</sub> dalar, Sissel og Elisabeth Jonsdøtter 4<sup>1</sup>/<sub>2</sub> dalar, Erik Jonsson 4<sup>1</sup>/<sub>2</sub> dalar, og Olav Jonsson 4<sup>1</sup>/<sub>2</sub> dalar. Det hadde vore to spjeld på garden, men deim tok hr. Jon sjølv burt.<sup>6</sup>

<sup>1</sup> Etter Reformatsen frå 1589 skulde Brønnflo gjeld ha to prestar. Sokneprest der omkring 1600 var Peder Andersson. Dei faste kapellanane i gjeldet millom 1559 og 1600 har vi ikkje kjennskap til. Hr. Jon kann då ha vore i tenesta i mange år før tiendmanntalet nemner han. — Um kapellanen i 1559 sjå Per Persson: Lockne socken i Jämtlands län (1930), s. 101; jfr. Viktor Behm: Anteckningar om Lockne socken år 1892, s. 10.

<sup>2</sup> Brevet (frå Øsjø i Revsund) er i det svenske riksarkivet. «Jonnd Nilß:» fortel i brevet at den tid Nils i Hakseng (i Lokne) låg på sitt siste og hadde fått sakramentet av honom, gjorde han greide for korleis jordgodset hans skulde skiftast millom kona og borna hans. Dette vilde hr. Jon vitne um når det vart kravd, og sameleis Ingebrikt i Vamstad, «som der hoß waar». Brevet har eit papirsegl med bokstavane I : N over ein skjold med bumerke (N er bakvend). Attmed seglet er teikna eit bumerke, som nok er Ingebrikts.

«Jonnd» har vore lese «Jorond» (Leonard Bygdén), men tredje bokstaven er ikkje den same som r på andre stader i brevet. Det ser heller ut til at namnet skal lesast «Jonnd». Ei slik namneform, med ein uturvande d, har motstykke i andre ordformer i brevet: Cappelaand, hænd, Børnd. Brevet må i seinaste fall vera skrive det siste året hr. Jon var i Jämtland, i 1601. Umkring 1600 var det to bønder som heitte Nils i Hakseng: Nils Olsson og Nils Jensson, men berre Nils Olsson kan vera den Nils som brevet fortel um. Han er nemnd i skinnbrev 12. juli 1600 og i tiendmanntalet 1600—1601 (Nils Jensson er nemnd i brev u. d. 1590 og u. d. 1593, tiendmanntala 1607—1608, 1608—1609 og yngre manntal; Nils Jonsson i Hakseng i sakøyresrekneskapen 1604—1605 er vel same mann). Men det kann godt vera at brevet er eldre og vedkjem ein Nils i Hakseng som døydde alt i 1580- eller 1590-åra, kann hende Nils Persson, som er nemnd i 1568 og 1570 (Jämtländska räkenskaper 1564—1571 II, s. 114, 235; jfr. I, s. 165, II, s. 338, Dipl. Norv. XV, nr. 728, Jämtlands läns

fornminnesförenings tidskrift V (1910—1913), s. 179; i same tidskrift III (1902—1905), s. 124 (1578), og i skinnbrev 6. mai 1583 er ein Nils i Hakseng nemnd utan farsnamn).

Ingebrikt Jonsson i Vamstad er nemnd i 1597 (Jämtlands läns fornminnesförenings tidskrift III, s. 147) og frå 1607—1608 i manntala, utan farsnamnet i brev 6. juli 1598 og 7. oktober 1620 (tiendmanntalet 1600—1601 har «Jngebrett Pederbønn»).

Alle breva som det er vist til i noten, er i det svenske riksarkivet.

<sup>3</sup> Erik Nilsson i Bude er lagrettemann i skinnbrev 24. september 1600 i det svenske riksarkivet.

<sup>4</sup> Jämtländska räkenskaper 1564—1571 I, s. 95, 165, II, s. 169. Dipl. Norv. XV, nr. 728. Jämtlands läns fornminnesförenings tidskrift VI (1914—1917), s. 173. Skinnbrev 21. oktober 1571 i det svenske riksarkivet.

<sup>5</sup> Brev u. d. 1558, etter gamal svensk avskrift prenta i Per Persson: Lockne socken, s. 125.

<sup>6</sup> Skinnbrev 16. april 1631 (frå Bude i Brønnflo) i det svenske riksarkivet. — I 1605 var hr. Anders kapellan i Brønnflo (sakøyresrekneskapen 1604—1605).

<sup>7</sup> Jämtländska räkenskaper I, s. 162, 252, II, 110, 232, 334.

### *Olav Jonsson Bude.*

Eit av dei testimonia publica som Gerhard Schøning har registrert etter avskrifter i ei bok i stiftskista i Trondheim, er «Olai Ionæ, Budæo-Brunflodii, 1620. Comm: in Strinden, Past: in Snaasen.» Dette er eit samtidig og greidt vitnemål um at Snåsa-presten Olav Jonsson Bude var frå Bude i Brønnflo eller hadde ættenamnet sitt der i frå. Ein av sønene hans, Jonas Bude (1644—1710), stadfester i nokre uppteikningar at faren var av jamteætt:

«En Commendant paa Frøsø Schantze udj Jempteland var een Curlender, oc hedte Nicolaus Bude, hafde en Søn Joen, som først var Præst i Jempteland, oc siden formedelst Krigen, oc at Landet kom under de Suensche, blef Præst udj Hospitalet i Trundhiemb, som afilede Oluf der blef til Studering holden af Lentzherrerne Tage Tott oc Claus Daa, var først Cappelan paa Melhuß, siden reyste udenlands paa fremmede Accademier i Thyschland, Holland oc England, blef saa Sognepræst paa Snasen udi Thrundhiembs Lehn, afilede effter sig Jonas Bude.»<sup>1</sup>

I desse uppteikningane er det nokre mistak, men det må vera rett at far til Olav Jonsson Bude var prest i Jamtland og heitte Jon Nilsson, for ein prest med det namnet var

kapellan i Brønnflo i 1601 og åtte jordgods i Bude der i sokna (sjå stykket um honom). Denne Jon Nilsson hadde ein son Olav, og ikkje noko vilde vera meir naturleg enn at sonen kalla seg Budæo-Brunflodius, etter garden og prestegjeldet (sokna) som han var frå. Det er all grunn til å tru at den Olav Jonsson som viteleg kalla seg so, var son til hr. Jon i Brønnflo.

Sidan Olaus Ionæ Budæo-Brunflodius fekk testimonium publicum av universitetet i København i 1620, er det ikkje utruleg at han er den Olaus Ion. Iemptus som vart innskripen som student 1. mai 1618. Han var gjest i det bryllaupet som stod i prestegarden på Stod i 1621, og som er skildra i rettargangen mot meister Anders Arøbo, biskop i Trondheim. Då meister Anders ein av bryllaupsdagane gjekk i langdansen med Karen Matsdotter, kom Olav Jonsson inn og sa til han: «Domine pater dett er giøgleri I farer medt». Året etter, då herredagen i Bergen dømde i saka, var Olav Jonsson kapellan på Støren.<sup>2</sup>

I juni eller juli 1625 vart Olaus Ionæ Budæus Norwegus innskripen som student i Rostock,<sup>3</sup> og 25. juli same år i Wittenberg.<sup>4</sup> Det må vera rett at han var kapellan på Melhus, for soknepresten der i åra 1625—1652, Anders Mogensson, hadde ein kapellan Olav Jonsson, som han hadde rettssak med.<sup>5</sup> Men uvisst er det når hr. Olav var kapellan på Strinda.<sup>6</sup> I 1634 vart han sokneprest på Snåsa, og han var i embetet til han døydde i 1660,<sup>7</sup> føre 2. august.<sup>8</sup>

Hr. Olav fekk trøtte med føremannen i kallet, hr. Tord Nilsson, serleg um Bustad, ein gard som hadde vore brukt under prestegarden, Vinnan, og som hr. Tord vilde ha for seg sjølv. Men 19. januar 1635 var dei to prestane og fut og skrivar samla i prestegarden og skreiv under ei semja um at Bustad framleis skulde høyre prestegarden til, men at hr. Tord skulde få ha eit naust ved sjøen.<sup>9</sup>

I det store Snåsa prestegjeld var det mange fjellfinnar, og hr. Olav fekk påbod um å lære deim «Gudtz sande kundschab, Børnelærdommen, och huad de videre aff Gudtz ord kunde begribe». For denne umaken fekk han inntektene av Veie og Sveingard kyrkjegods i Skogn. I ein «obligation» som han skreiv under på i Trondheim 15. april 1641, lova han lensherre og biskop at han skulde vera trottig i arbeidet for finnane.<sup>10</sup>



Ein av bønderne i bygda, Hallvor Eriksson Sandnes, kom med stygge skuldingar mot hr. Olav, men i 1652 måtte han gjera forlik med presten og binde seg til å ta avløyning av honom, og han fekk bøte både for skuldingane og onnor misferd.<sup>11</sup>

Hr. Olav var utsending til tronfylgjarhyllinga ved Akershus 23. juli 1656, etter fullmakt frå 18. juni same år, og til standsmøtet i Trondheim 23. mai 1657.

Seglet hans har umskrifta OLVF ION[s]EN B og ein ståande fugl med ein kvist eller ein blomster bak.<sup>12</sup>

Han var gift med Elisabeth, dotter til Christopher Bjørnsson, borgmester i Trondheim, og Sophia Mentzdøtter.<sup>13</sup> Elisabeth budde på Snåsa endå i 1683, var då vanfør og låg «i kårlægje»,<sup>14</sup> døydde 7. oktober 1685, 80 år gamal.<sup>15</sup> Born: 1. Christopher Olsson Bude, fødd 27. juni 1642,<sup>16</sup> læresvein i katedralskulen i Trondheim i 1659, forlet skulen 5. juli 1660, då han (Christophorus Olai Snasenius, Snasensis) gjekk i meisterlectien, student i København 30. oktober 1662, vart offiser. — 2. Jonas Olsson Bude, fødd 23. januar 1644,<sup>15</sup> læresvein i katedralskulen i 1661, då han (Jonas Olai Snasen, Snasensis) gjekk i fjerde klasse, forlet skulen same år (sjølv fortel han at han var der til 1662), student i København 30. oktober 1662, vart offiser. — 3. Mentz Olsson Bude, 56 år gamal i 1701, læresvein i katedralskulen i 1661, då han (Mentserus Olai Snasensis) gjekk i fjerde klasse, forlet skulen same år, kom til Kolding i Danmark, student i Rostock i august 1666<sup>17</sup> og i København 8. august 1667, vart bonde på Gran i heimbygda. I «Snaasens Kald- og Kircke-beskaffenhed» frå 1689 har han skrive den bolken som har avskrifter av gamle Snåsa-brev. — 4. Karen Olsdotter Bude.<sup>13</sup> — 5. Sophia Olsdotter Bude.<sup>13</sup> — 6. Sara Olsdotter Bude, gift med hr. Jacob Augustinusson [Wivil], sokneprest på Snåsa [1660—1686]. Ho var første kona hans.<sup>18</sup>

<sup>1</sup> Personalhistorisk Tidsskrift V (1884), s. 155, med kritiske merknader av H. J. Huitfeldt-Kaas. S. 150—154 fortel Jonas Bude um seg sjølv, og s. 156 um morfolket sit.

«Nicolaus Bude» kann ikkje ha vore kommandant på Frøsøy-skansen, for det var ingen skans på øya før i 1611, då svenskane hertok Jamtland og bygde skansar der. Og kurlending har han nok ikkje vore heller. Det ser mest ut til at uppteikningane vil rekne han for å vera av adelsætta Budde, som var komen frå Øsel til Danmark omkring 1570 og frå Danmark til Noreg i

1600-åra. — H. J. Huitfeldt-Kaas meinte at far til Olav Jonsson Bude måtte vera den Jon Jonsson som vart prest og forstandar for hospitalet i Trondheim i 1607. Han hadde då i lang tid vore kapellan hos den førre hospitalspresten og hadde «sine gode schudzmaahl och testimonia fra de Steder han haffuer Werit thilforne». I 1617 eller noko før vart han sokneprest i Orkdalen, var i kallet endå i 1641, hadde gjeve det upp i 1645 og døydde nokre år etter. Men det er lite truleg at Jonas Bude ikkje skulde ha visst rette farsnamnet til farfar sin. Var farfaren Jon Jonsson, måtte sonesonen ha visst og nemnt i uppteikningane at farfaren vart sokneprest i Orkdalen, det kallet som han sist og lengst var prest i. Det ser elles ikkje ut til at Jon Jonsson hadde noko slag tilknytning til Jamtland. Han åtte odelsgods i Reppa i Stjørdalen, gods som etter kvart auka frå 1 spann  $2\frac{1}{2}$  øyre i 1610 til 4 spann i 1626, då han bytte det burt til kruna og fekk i staden ein gard i Orkdalen. I 1617 åtte han dessutan 2 ørtuger i ein gard i Frol (Geite tinglag i Skogn prestegjeld). Han var gift med Kirsten Olsdotter, som hadde tent i hospitalet og var trimmeningen hans. Då han 17. mars 1612 søkte um'å få gifte seg med henne, la han ved ei ættetavla som synté korleis han var skyld til henne, men tavla heimfester ikkje andre enn hr. Jon sjølv. Far hans var Jon Haakonsson, son til Haakon Olavsson, og far hennar var Olav Jonsson, son til Jon Olavsson. Haakon Olavsson og Jon Olavsson var søner til Olav Haakonsson. Um nokon av desse haddé ått Reppa, er uvisst. Dei hadde andre namn, dei som budde der i 1521, 1549, 1558 (Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede II, s. 189, Norske lensrekneskapsbøger VI, s. 33, 172, 261), 1608 og 1610. I Orkdalskyrkja heng ei tavla med måla portrætt av Jon Jonsson og kona hans og borna deira, seks søner og fem døtter. Tavla har ei innskrift um at hr. Jon har gjeve tavla til kyrkja 20. oktober 1634, og eit monogram av bokstavane NIIB. Dersom monogrammet er opphavleg og ubrigda etter den «uppattnyinga» som tavla har vore ute for i nyare tid, kann det ikkje vera laga av namnet på gjevaren. Det må i alle fall reknast for visst at Olav Jonsson Bude ikkje var son til Jon Jonsson og Kirsten Olsdotter. Han var fødd mange år før Jon Jonsson vart gift med henne. Vi kunde nok gisse på at Olav Jonsson Bude var son til Jon Jonsson i eit tidlegare ekteskap, men dette veg lite mot det som so sterkt synest vise at han var son til Jon Nilsson, Brønnflo-presten. I same leid dreg det at ei av døtterne hans, Karen, hadde same namn som prestekona frå Brønnflo.

Alt før Huitfeldt-Kaas gav ut uppteikningane um Bude-ætta, heiter det i Andreas Erlandsens Biographiske Efterretninger om Geistligheden i Throndhjems Stift (1844—1855), s. 396, at Olav Jonsson Bude var son til «Jon Budde», prest i hospitalet i Trondheim. S. 85 er hospitalspresten kalla «John Johnsen», men etter Alfabetisk Register til verket (1860), s. 43, skal «Budde» leggjast til namnet. E. C. Tønders «Catalogus», som er hovudkjelda til Erlandsens Efterretninger, nemner hospitalspresten utan ættenamn og har ingen ting um at han var far til Olav Jonsson (Tønder, Erlandsen og Huitfeldt-Kaas kjende ikkje til at hr. Jon vart sokneprest i Orkdalen). Det er rimeleg å tru at Erlandsen har «Budde»-namnet her, nytta um hospitalspresten, frå ei kjelda som beinveges eller umveges har samband med uppteikningane um Bude-ætta (jfr. Budde-ættetavla i J. C. L. Lengnick: Genealogier over adelige og

borgerlige Familier. København 1845). Det ser soleis ut til at fleire enn Huitfeldt-Kaas har meint at Jamtlands-presten Jon Nilsson (Nicolai), som uppteikningane fortel um, måtte ha fått rangt farsnamn i tradisjonen og i røynda heitte Jon Jonsson, nettupp for di det tidleg i 1600-åra var ein hospitalsprest med det namnet i Trondheim.

Det er eit mistak som lett kunne koma upp, at Jon Nilsson flydde frå Jamtland til Trondheim «formedelst Krigen, oc at Landet kom under de Suenske» i 1611. Men er det eit mistak, det òg, at han vart prest i hospitalet i Trondheim? Aage Mortensson var prest og forstander for hospitalet i 1590 (to skinnbrev 16. juli 1590 i Riksarkivet). I 1591 heiter det at han hadde vore forstandar i nokre år og var ein gamal mann, og han skulde då få det første ledige preste gjeldet i bispedømet (Norske Rigs-Registrarer III, s. 179 f). Men hr. Aage i Spitalet er nemnd i sakøyreslistone for Strinda len 1600—1601, Trondheim 1607—1608 og Inderøy og Sparbu len same år, so han har nok vorte verande i hospitalet og er den hospitalspresten som var avliden i 1607 (Norske Rigs-Registrarer IV, s. 238). Kor lenge Jon Jonsson då hadde vore kapellane hans, er uvisst. Var han det endå ikkje i 1601, då Jon Nilsson kom frå Jamtland, kann det nok vera at denne vart kapellan i hospitalet nettupp det året og var det ei stutt tid før han fekk prestekall på Sunnmøre. Eller det kunde tenkjast at Jon Nilsson og huslyden hans fekk opphelde i hospitalet då dei kom husville til byen i det store froståret, og at han fekk vera hjelpeprest i hospitalet endå det alt var ein kapellan der.

Um Jon Jonsson: kancelli-innlegg 17. mars 1612, 8. januar 1613, 26. juni 1618 (prenta i Kirkehistoriske Samlinger V, 1864—1866, s. 646), 9. desember 1625, u. d. 1636 (til kongebrev 20. oktober 1636) i Riksarkivet. Norske Rigs-Registrarer IV, s. 238, 304, 566, V, s. 497, 506, 573 f, VIII, s. 33 f. Statsarkivet i Trondheim, møtebok for domkapitlet i Trondheim 1636—1659, fol. 48. Dipl. Norv. XVI, s. 391. Gerhard Schønig: Reise . . . giennem en Deel af Norge i de Aar 1773, 1774, 1775 I (1910), s. 219. Universitetsbiblioteket i Oslo, ms. 473 4°, Gunner Berg: Samlinger til en Trondhiemsk Præstehistorie, s. 19.

<sup>2</sup>Norske Herredags-Dombøger 2 VI, s. 116. Der står: «Da kom Oluff Joens<sup>β</sup> indt, som nu er Cappellan paa Støffrenn». — «Dominus Olaus Ionæ Budæus postea pastor in Snasen» var den fjerde av dei åtte kapellanane som Nicolaus Petri Balleus hadde då han var sokneprest på Støren, 1610—1652, fortel hr. Jon Eriksson Jamt (sokneprest same stad 1654—1698) på prestetavla og i Frederik II.-bibelen i Støres-kyrkja.

<sup>3</sup>Die Matrikel der Universität Rostock III (1895), s. 62.

<sup>4</sup>Album Academiae Vitebergensis Jüngere Reihe Teil 1 (1602—1660) Textband (1934), s. 297.

<sup>5</sup>Gerhard Schønigs embetsmannsliste i Det kongelige bibliotek i København, Gl. kgl. saml. 984 2°: «Hr Anders Mogensen 1631. 36. Hans Capell: hr Oluf Jonsson [*sic*], havde Proces sammen. Siden hr Steen Capell: 1636.»

<sup>6</sup>Det er berre Schønig som fortel, etter kopiboka i stiftskista, at Olav Jonsson Bude var kapellan (vicepastor) på Strinda. Det kann godt vera at han var det, men det bør nemnast at avskriftene av testimonia publica stod på «vandslaede» blad og var «derved i Begyndelsen noget vanskelige at

læse» (Det kongelige norske Videnskabselskabs Skrifter i det 19de Aarhundrede I (1817), s. 361). Var det væteflekker på blada alt i Schönings tid, kann han nok ha lese «Strinden» der det stod «Støren».

<sup>7</sup> Statsarkivet i Trondheim, kallsbok for Snåsa («Snaasens Kald- og Kircke-beskaffenhed») 1689, fol. 9: Chronologia & series pastorum. — Førermannen i kallet, hr. Tord Nilsson, vart avsett i 1634 (Norske Rigs-Registranter VI, s. 665). Jonas Bude: «Anno 1660 udj huilchit Aar min S: Fader hendøde».

<sup>8</sup> I brev 2. august 1660 fær ettermannen i kallet inntektene av Veie og Sveingard kyrkjegods. Det kongelige bibliotek i København, Gl. kgl. saml. 985 2°, avskrift med Benjamin Dass's hand «Efter en vidimeret copie i Dansk. Canc. Arch.».

<sup>9</sup> Avskrift i kallsboka, fol. 12.

<sup>10</sup> Avskrift i det danske riksarkivet, Langebeks diplomatarium, «ex origin. chartaceo, ut puto autographo», «Af Trundhiems Stifts Archiv 1750». — Hr. Tord fekk inntektene av det same jordgodset i 1635 og skulde vera reisande finnprest. Sjå Arne Vestrum: Skogns historie I (1926), s. 100, II (1932), s. vi, og Oluf Kolsrud: Finnemisjonen fyre Thomas von Westen (i Studia septentrionalia III Lapponica. 1947), s. 8 f.

<sup>11</sup> Statsarkivet i Trondheim, møtebok for domkapitlet 1636—1659, fol. 93, 96 f, 129 f, 134. — I kapitelsretten 15. december 1652 vart Hallvor spurd um ærendet hans til Jamtland og Sverige siste sumaren var å rannsake um eit «uekte» barn som hr. Olav skulde vera far til. Han svara at ærendet hans var å krevje gjeld for ein hest hos ein mann i Alsen og for ein annan hest hos ein mann i Revsund. Dagen etter sa Hallvor frå i retten at korkje han eller Ivar Persson hadde lagt hr. Olav ut for far til det barnet som Agnes Jonsdotter var mor til.

<sup>12</sup> Hyllingsfullmakta frå utsendingane frå Innherads-prestane 22. juni 1648.

<sup>13</sup> Uppteikningane til Jonas Bude; sjå øvst i note 1. Riksarkivet, ms. 134 4°, Darre-ættetavle frå 1700-åra.

<sup>14</sup> Skattemanntal.

<sup>15</sup> Sjølvbiografien til Jonas Bude; sjå øvst i note 1.

<sup>16</sup> Genealogen Wilhelm Lassen har notert dagen og året i sitt eksemplar av Erlandsens Biographiske Efterretninger (no i Det kongelige bibliotek i København), men nemner ikkje kjelda.

<sup>17</sup> Die Matrikel der Universität Rostock III, s. 232.

<sup>18</sup> «De Johanssoners Slegte-Register», avskrift med Gerhard Schönings hand i Det kongelige bibliotek i København. Gl. kgl. saml. 2824 4°, 11. — I innskrift på altartavla i Snåsa-kyrkja har hr. Jacob tilnamnet «Wivil» (Vivild).

*Nils Jonsson Bude.*

Hr. Jon Nilsson, som var k apellan i Br onnflo i 1601 og  tte jordgods i Bude der i sokna, hadde tri s oner, Nils, Erik og Olav (sj  stykket um hr. Jon). Olav m  vera den same som hr. Olav Jonsson Bude, som vart sokneprest p  Sn sa i 1634 og d ydde i 1660 (sj  stykket um honom). Nils m  ha vorte prest nordanfjells, han  g, for det synest vera all grunn til   tru at han er den Nils Jonsson Bude som var kapellan i Vester len i 1631 og end  i 1652.

I samtidskjeldone er hr. Nils nemnd utan noko  ttenamn, men seglet hans har eit monogram som er ihopsett av N, I og B.<sup>1</sup> At B'en er ei avstyting for Bude, kann vi sj  av ei preste-rekkja som Melchior Ramus har sett upp for  ksnes i 1689. Han nemner der hr. Nils Jonsson «Budde».<sup>2</sup>

16. oktober 1616 vart Nicolaus Ion  Iempta e schola Nidrosiensi innskriven som student i K benhavn. Han er vel den Nicolaus Jon  Norv. som vart innskriven til kommunitet der same  r eller kann hende  ret etter. 19. juli 1618 vart Nic: Ion  Iempt: prestvigd i Varnes-kyrkja i Stj rdalen og skulde vera kapellan hos soknepresten p  Fosnes i Namdalen, hr. Christopher van Affln (Aphelen), som hadde kalla han.<sup>3</sup> Kann denne Nils Jonsson jamt vera den same som Nils Jonsson Bude? Utenkjeleg er det ikkje. Nils m  ha vore den eldste av s nene til hr. Jon Nilsson, og det kunde h ve godt at han vart student i 1616.

Etter Reformatsen fr  1589 skulde den eine av dei to faste (residerande) kapellanane i Vester len gjera teneste i annekskyrkjone p  Langenes og  ksnes og i krosshuset pund' Tinden, og han skulde bu p  Langenes. Nils Jonsson Bude m  ha vorte kapellan i gjeldet omkring 1626, etter hr. Christopher Jacobsson, som var avliden i 1627.<sup>4</sup> Men hr. Nils p  Langenes er ikkje nemnd i rekneskapane f r i 1631—1632, d  han gav husfrelse, sameleis som i 1634—1635, d  han er nemnd med farsnamnet. Han var verje for  ksnes-kyrkja fr  1646 (kann hende alt f r) til 1652 og budde i dei  ra p  Smines i  ksnes-sokna,<sup>5</sup> ein gard som Hadsel kanoni  tte. 14. november 1645 l yvde domkapitlet i Trondheim honom prestetienda av anneks-sokna Sortland for 14 dalar.<sup>6</sup> Han m  ha d ydd i 1652 eller eit

**BUDE**

Erik Nilsson i Bude, nemnd 1558,  
kann hende far til

Nils Eriksson i Bude, lensmann  
i Brønnflo, nemnd 1565 og 1571,  
kan hende far til

Erik Nilsson i Bude,  
lagrettemann, nemnd  
1600 og 1601.

Jon Nilsson i Bude, kapellan i  
Brønnflo, nemnd 1601; sidan sokne-  
prest på Sunnmøre (kapellan i  
Borgund)?  
G. m. Karen Olsdotter.

Per Nilsson i Torrvoll,  
nemnd 1613.

Nils Jonsson Bude,  
kapellan i Vesterålen  
1631 og endå 1652.  
G. m. Christence Christophersdotter.

Sissel Jonsdotter,  
nemnd 1631.

Elisabeth Jonsdotter,  
nemnd 1631.

Erik Jonsson,  
nemnd 1631.

Olav Jonsson Bude,  
sokneprest på Snåsa  
1634—1660.  
G. m. Elisabeth Christophersdotter.

Son, over  
15 år gl.  
1645.  
Jonas Nilsson Bude  
på Ytteren i Nord-  
Rana, f. ikr. 1639,  
d. 1716.  
G. 1. m. Maren  
Jonsdotter  
(skifte 1690),  
2. m. Ane  
Ulrichsdotter  
Brygmann.  
Etterkomarar.

Christopher Bude,  
f. 1642, d. 1701,  
kaptein.  
G. m. Dorothea  
Melchiors-  
dotter Quentleur.  
Etterkomarar, som  
skreiv ættenamnet:  
B u d e .

Jonas Bude, f. 1644,  
d. 1710, kaptein.  
G. m. Alhed Nils-  
dotter Wiborg.

Mentz Bude  
på Gran, Snåsa,  
f. ikr. 1645,  
student.

Karen  
Bude.

Sophia  
Bude.

Sara Bude.  
G. m. Jacob  
Augustinusson  
Wivil (Vivild),  
sokneprest på  
Snåsa.

av åra næst etter, for enkja hans, Christence Christophersdotter, gjorde rekneskapen for Øksnes-kyrkja frå Jonsok 1652 til årsdagen 1655.<sup>5</sup> Ho budde på Smines endå i 1664, fatig. Kann hende var ho dotter til føremannen i embetet, hr. Christopher Jacobsson.

Born: 1. Ein son som ikkje er nemnd med namn, var over 15 år gamal i 1645, og faren gav då hovudskatt for han. — 2. Jonas Nilsson Bude, 62 år gamal i 1701, leiglending på Ytteren i Nord-Rana 1673—1716, gift 1. med Maren Jonsdotter, som det var skifte etter 15. september 1690, 2. med Ane Ulrichsdotter Brygmann. Skifte etter honom var 1. september 1716. Det er ikkje sagt beint fram nokon stad at han var son til hr. Nils, men det er rimeleg å rekne han for det. Ei av døtterne hans hadde det same sjeldsynte namnet som prestekona på Smines.

<sup>1</sup> Fullmakta 11. juli 1648 for utsendingane frå prestane i Lofoten og Vesterålen til kongehyllinga ved Akershus.

<sup>2</sup> Riksarkivet, grensereguleringsarkivet, pakke 2, nr. 251.

<sup>3</sup> Gerhard Schønings liste på testimonia publica etter ei kopibok i stiftskista i Trondheim: «Anno 1618. 19 Iul: in Ecclesia Størdalensi ad S: mun: inaugurati Mag: Ioh. Claudius Parelius, Past: Størd:, et Nic: Ionæ Iempt: vocatus à Christoph: Ioannis, Past: Fosnes: ad Comminist:» — Ordinator var biskop Arøbo (Schønning: Reise . . . gjennom en Deel af Norge i de Aar 1773, 1774, 1775, II (1910), s. 20, noten).

<sup>4</sup> Hr. Christopher Jacobsson gav landskyld til krone endå i 1624—1625. I 1627 er enkja hans, Guru Mortensdotter, nemnd i manntalet for drengeskatten. Jfr. kancelli-innlegg 29. juni 1641 i Riksarkivet, og Norske Rigs-Registranter VIII, s. 71 f.

<sup>5</sup> Lensrekneskapane, kyrkjerekneskapar for Lofoten og Vesterålen 1642 (1646)—1661.

<sup>6</sup> Statsarkivet i Trondheim, takstbok for domkapitlet 1636—1676, fol. 23 r.